



Monica Østereng  
Skjelangervegen 554  
5917 ROSSLAND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/1313 - 17/23967

Saksbehandlar:  
Marianne Aadland Sandvik  
marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.  
no

Dato:  
04.12.2017

## Pålegg - GBNR 52/17 - Krav om tilknytning til kommunalt vassverk - Kårbø

**Administrativt vedtak. Saknr: 341/2017**

### Saksutgreiing:

Meland kommune viser til førehandsvarsel med krav om tilknytning til kommunalt vassanlegg, datert 12.5.2017, med frist for tilbakemelding innan fredag 26.5.2017. Kommunen mottok tilbakemelding frå deg på telefon, og handsamer saka på bakgrunn av dette.

### Vurdering:

Det følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 27-1 tredje ledd, jf. andre ledd, at kommunen kan krevje at bygning som ligg på ein eigedom skal knytast til ei offentleg vassleidning «*når offentlig vannledning går over eiendommen eller i veg som støter til den, eller over nærliggende areal.*»

Kommunestyret sitt prinsippvedtak datert 23.1.2008 inneber at alle eigedomar som ligg innanfor ein avstand på 200m frå kommunal hovudleidning vert pålagt tilkopling.

På bakgrunn av det ovannemnde, og fordi eigedomen din ligg nærare den kommunale hovudleidninga enn 200m, vil du bli pålagt tilkopling til det kommunale anlegget. Viss Statens vegvesen avslår søknad om plassering av vassleiding i fylkesvegen, vil kommunen ta ei ny vurdering.

Ein ansvarleg røyrleggjar må søkje til kommunen om tilkoplinga, og frist for tilkopling er 1.6.2018, med mindre du mottok avslag frå vegvesenet innan den tid. Vi ber i så fall om å få tilsendt kopi av vegvesenet sitt vedtak.

### VEDTAK:

*«Meland kommune gjev gbnr. 52/17 pålegg om tilkopling til det kommunale vassanlegget, jf. plan- og bygningslova § 27-1. Tilkoplinga må skje innan 1.6.2018. For grunngjeving og vurdering sjå ovanfor.»*

\*\*\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement. Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl § 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik  
Juridisk rådgjevar byggjesak

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

Monica Østereng

Skjelangervegen 5917  
554

ROSSLAND